# ordet fritt

**epost: ordetfritt@r-b.no** Si din mening i Romsdals Budstikke. Bruk fullt navn. Oppgi alltid navn og adresse til redaksjonen. Skriv kort,maks. 60 linjer. Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innlegg. Innlegg blir ikke returnert. Innlegg i denne spalten blir ikke honorert.

## Fagforbundets krav til de politiske partiene

**Fagforbundet er landets største** arbeidstakerorganisasjon med om lag 333000 medlemmer.

Våre medlemmer ønsker et godt og trygt arbeidsliv der den enkelte arbeidstaker har forutsigbarhet og trygghet i sin arbeidssituasjon samtidig som en har ei lønn å leve av.

Jeg vil her nevne noen helt sentrale viktige områder for oss som partiene må merke seg.

Vi kan ikke anbefale våre medlemmer å stemme på partier som går imot oss på disse viktige sakene.

■ Vi ønsker at det skal være en heltidskultur i norsk arbeidsliv og at deltidsansatte skal ha lovbestemt rett til å få oppjustert sin stillingsprosent til det de faktisk har jobbet siste år. Dette er et godt verktøy for å få bukt med ufrivillig deltid.

■ Arbeidslivet i Norge skal baseres på faste stillinger, vi vil ikke har endringer i arbeidsmiljøloven som gjør det lettere for arbeidsgivere å ansette midlertidig.

■ Vi er sterkt imot mer konkurranseutsetting og privatisering av offentlige tjenester. Fellesskapets penger skal gå til helse, skole og eldreomsorg – ikke til større ulikheter i tjenestetilbudet og utbytte til private investorer. Konkurranseutsetting fører også som regel til lavere lønn og pensjonsrettigheter for våre medlemmer.

■ Sykelønnsordningen må bestå som i dag. Innføring av karensdager gjør ikke folk friskere – bare fattigere.

Husk å benytte din stemmerett den 9. september. Godt valg!

**Arnt Silseth**
**nestleder Fagforbundet**
**Møre og Romsdal**

## Svar til «sykehusansatt»

**Det har ikke manglet på** konspirasjonsteorier om hvorfor Molde mangler nytt sykehus, og slik sett er leserbrevet til «Sykehusansatt som kan sin historie» kjent stoff.

Et viktig moment ble imidlertid utelatt: en hovedårsak til forsinkelsene er at man etterhvert så at det på sikt vil bli svært krevende å opprettholde to separate, gode sykehus for Nordmøre og Romsdal.

Det har Møre og Romsdal Arbeiderparti kommet til, det har helseforetaktet kommet til, og dette planlegges det nå utifra.

**Det er helt riktig**, som Else-May Botten skriver, at frislipp for private helsetilbud nå er det største hinderet for å få realisert nytt sykehus for Nordmøre og Romsdal.

Om en ny borgerlig regjering åpner for at private interesser fritt kan overta de kommersielt mest lønnsomme behandlingene, vil den økonomiske løfteevnen til helseforetaket forvitre raskt.

**Per Vidar Kjølmoen**
**Fylkesleder, Møre og Romsdal**
**Arbeiderparti**

## Hvorfor Høyre?

**Jeg har det godt i Norge.** Det er et godt miljø i klassen min. Jeg gjør det greit på skolen. Det er mye jeg ønsker, men lite jeg egentlig trenger. Jeg har det godt i Norge.

Jeg er en av de få av hele verdens barn, som fikk bli født i dette landet. Jeg er heldig, eller kanskje hadde jeg flaks.

Jeg har min egen jobb. Ja, faktisk flere. Det er ikke alle ungdommer som har den muligheten. I noen land er det nesten umulig for en som meg å ha en jobb hvor man faktisk tjener penger. Jeg har det godt i Norge.

**Men er Norge på sitt beste?** Jeg har et godt miljø i min klasse, men 17000 barn gruer seg til skolen hver dag fordi de blir mobbet. Jeg gjør det greit på skolen, men 1/5 går ut av grunnskolen uten å kunne lese og skrive skikkelig. Jeg kommer til å fullføre årene på vgs, men 1/3 dropper ut. Er Norge på sitt beste?

Jeg er frisk og rask men nesten 300 000 står i helsekø. Jeg har flere jobber og tjener penger, men 800 000 står utenfor arbeidslivet. Jeg og min familie har nok penger, men 74000 barn lever under fattigdomsgrensa i Norge. Så jeg spør en gang til, er Norge på sitt beste?

Jeg tror ikke på at noen partier kan gjøre Norge perfekt. Men disse tallene, disse eksemplene viser at Norge kan bli bedre. Hvorfor har jeg da tillit til akkurat Høyre?

**Jeg valgte partiet Høyre fordi** jeg tror landet vårt kan bli mye bedre. Jeg valgte partiet Høyre fordi mens de rødgrønne vil løfte en gjennomsnittselev som ikke finnes, vil Høyre gi elevene tilpassa undervisning gjennom nivåvalg, sånn at VI kan løftes til et enda høyere nivå. Jeg valgte Høyre fordi mens de rødgrønne skryter av at de behandler flere mennesker enn noen gang, vil Høyre gjøre slik at helsekøen blir kortere sånn at om jeg en dag blir syk, skal jeg slippe å stå så innmari lenge i kø.

Jeg valgte Høyre fordi de vil gi meg mer frihet under eget ansvar, og heller prioritere viktigere saker enn forbud mot pappvin, kinderegg, barnefotball, coco-pops, lakrispipe, solarium, pils i parken osv(lista er lang). Jeg har valgt Høyre fordi det er på tide med nye ideer og bedre løsninger.



Elise Fiske.

**Elise Fiske (17)**
**AU-medlem i Møre og Romsdal**
**Unge Høyre og nestleder**
**i Fræna Unge Høyre**

## Livet er ei Guds gåve

**Det er eit paradoks at** den plassen der barnet skal vere tryggast, har blitt den mest utrygge. Då tenkjer eg på plassen like under mors hjerte der vi alle må vere dei fyrste ni månadane av våre liv. Retten til å bestemme sjølv gjer at om lag 15000 barn manglar kvart år. Det er ikkje alltid mors val heller.

Presset frå samfunn, foreldre og barnefar kan vere så stort at det er lettare å gje opp enn å kjempe imot.

Mange har angra på det valet dei tok og har fått både psykiske og fysiske problem etter eit abortinngrep. Dei har ikkje fått informasjon om faren for depresjon og andre plager, også muligheit for sterilitet.

**For snart 26 år sidan** stod eg sjølv overfor dette valet. Eg opplevde også sterkt press, men var så heldig at eg hadde familie som støtta meg. Eg visste at eg ikkje hadde klart å leve med ein abort, så valet vart lett likevel. Det er eg så takknemlig for. I dag har eg ei dotter på 25 år som eg er så glad i og stolt av.

Det var ikkje alltid like lett å vere åleinemor, men likevel gir det så mykje glede at eg aldri har angra på det valet eg tok den gongen. Men for deg som har valt bort eit barn, så fins det tilgjeving. Og om du angrar og har skuldkjensle, så må du også tilgje deg sjølv.

**Så vit det jenter og damer**, at det er mogleg å behalde barnet. Amathea er en organisasjon som informerer både mor og far om muligheitene ein har i høve til svangerskap og fødsel. Eg trur at mangel på informasjon har gjort at mange har teke val dei seinare har angra på.

**Vi i partiet Dei Kristne** vil vere med å leggje til rette slik at flest mogleg kan vere i stand til å velge livet til sine barn. I dag er det ein eingongsstønad for dei som ikkje er i arbeid på 33000 kroner. Det gjeld særleg for studentar og heimeverande mødre. Det er berre ei god månadslønn og ikkje nok til å leve av. Difor vil vi ynskjer ein sterk auke av denne stønaden.

Og det må vere ein obligatorisk samtale med helsepersonell der mor og far får vite konsekvensane av ein abort og muligheitene dei har til å behalde barnet.

Dessutan er det viktig at lækjarar, jordmødre og sjukepleiarar får behalde reservasjonsretten sin, slik at dei alltid er frie til å følgje sitt samvit når dei utøver sitt arbeid.

**Eva Aasen**
**3.kandidat Dei Kristne,**
**Møre og Romsdal**

## Nynorsk er politikk!

**Ivar Aasen var medviten om** at han bygde nynorsken som eit demokratisk skriftspråk, med ordtilfang frå dialektane. Nyleg foreslo Udir å ta bort både eksamenar og eigne karakterar i sidemålet – som er nynorsk for fleirtalet.

Nynorsken er minoritetsspråket, men i verda eit stort minoritetsspråk: 600.000 innbyggjarar i Noreg har nynorsken som sitt språk.

Stortingsvalet kan verta dramatisk. På landsmøtet gjorde Høgre vedtak som klårt vil undergrava nynorsken. Dei vil avvikla ordninga med eigen karakter og eksamen i sidemål i ungdomsskule ogi vidaregåande. Det er ikkje småtteri frå eit parti som elles hyller karakterar som motiverande, jamvel for 5.klassingar! Når Høgre vel ut sidemålet som einaste faget ein vil fjerna karakterar og eksamen i, må alle vener av nynorsken spørja seg kvifor.

**Nynorsk og bokmål** har vore formelt jamstelte sidan 1885. Jamstellingsvedtaket er botnplanken for å stilla krav til språkbruken i offentleg teneste, i NRK og til nynorskens stilling i skulen. Kor vi snur og vender på det: det er mindretalsspråket som treng den lovfesta jamstellinga, ikkje fleirtalsspråket.

**No vil Høgre snu mållova** på hovudet. Ein innbyggjar skal ikkje lenger ha rett til svar frå det offentlege på eiga målform – det er den tilsette som fritt skal avgjera kva målform han eller ho vil svara på. I vedtaket seier H ingenting om at elevar kal skriva eller meistra begge målformer skriftleg.

Om nynorsken seier Høgre berre at det skal brukast tekstar både på bokmål og nynorsk i norskfaget gjennom heile skuleløpet. Men er det ein god måte å læra eit språk på?

**SV vil stå vakt om nynorsk** som jamstilt med bokmål. Etter vårt syn trengst det ikkje mindre opplæring i sidemål. Vi meiner ein må starta tidlegare. Di mindre borna er, di lettare lærer dei språk. Og, kan vi gjerne leggja til for bokmålselevane: Di mindre dei er, di færre fordommar har dei mot nynorsken. Dessutan: di meir språk ein kan, di lettare lærer ein fleire!

**2013 er språkåret.** Vii markerer at det er 200 år sidan Ivar Aasen vart fødd. Regjeringa har stadfest nynorskens jamstelte stilling gjennom gode vedtak om sidemålet. Dersom Høgre har ein offensiv målpolitikk, er det diverre å undergrava nynorsken.

Om Høgre får språkpolitisk gjennomslag vil dei føra oss tilbake til før 1813, før Ivar Aasen. Det er ikkje framtidsretta. Det er bakstreversk og lite verdig eit parti som yndar å nemna seg kunnskapsparti.

**Ingrid Opedal,**
**1. kandidat Møre og Romsdal SV**